



Knut Willie Jacobsen  
Garvik  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2444 - 19/30236

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
11.10.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/760 og 188/761 Gjervik ytre

Kommunen viser til søknad om oppføring av påbygg på eksisterande utebod/leikehytte i form av ein ny etasje, oppføring av ny gangbru frå 2.etasje i bygget til terreng samt fasadeendring, mottatt 02.09.2019. Noverande skriv erstattar skriv av 23.09.19 i høve frist.

### Planstatus

Eigedomen er regulert innafor det som i områdeplan for Lonelva-Juvikvarden med plan-ID 1263-200904 er avsett til barnehage. Tiltaket er i samsvar med arealføremålet. I situasjonskartet til søknad for oppføring av barnehagen frå 2008 er bygget vist som utebod/leikehytte.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplanen må målsettast.
2. Gangbru må visast på situasjonsplanen.
3. Gangbru må teiknast på fasadeteikningane.
4. Lengde på gangbru må opplysast.
5. Fasadeteikninga må påførast himmelretning.
6. Det må ligge føre naboerklæring frå gbnr 188/743, Lindås Tomteselskap AS, for bygget i to etasjar då bygget er plassert nærare nabogrensa enn 4 meter, jf. pbl. §29-4, sjå vedlagte skjema.
7. I søknaden er det opplyst at BRA for eksisterande bebyggelse er 399m<sup>2</sup>. I søknad for oppføring av barnehagen frå 2008 står det at BYA utgjør 750m<sup>2</sup> og BRA utgjør 1050m<sup>2</sup>. Vi finn ikkje søknaden godt nok opplyst i høve BYA, BRA og utnyttingsgrad for eigedomen med tiltaket. Det må gjerast greie for eksisterande situasjon og ny situasjon i høve BYA og BRA samt utnyttingsgrad som vert rekna i %BRA for eigedomen med tiltaket. Eigedomens tomteareal er i plankartet satt til 5,7 mål.

Sjå føresegn §3.5.1:



### 3.5 Tenesteyting

3.5.1 T1 er område for eksisterande privat barnehage.

Det er tillate med bygg oppført i 2 etasjar med maksimal byggehøgde på 7 m. Høgste tillate tomteutnytting er sett til %BRA=30%.

Parkering for tilsette og for henting og bringing av barn skal skje på parkeringsplass P2.

Krav til parkering er sett til 1 plass pr tilsett, og 1 plass pr 15 barn.

8. Samtykkje frå arbeidstilsynet er naudsynt før ein kan gje løyve til tiltak i eit trinn jf. arbeidsmiljøloven § 18-9, jf. §1-2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 25.10.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4

#### Kopi til:

Knarvik Barnehage AS	Lonsvegen 76	5914	ISDALSTØ
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM

#### Mottakarar:

Knarvik Barnehage AS	Lonsvegen 76	5914	ISDALSTØ
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM